

OPPVEKSTPLAN FOR ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE 2027-2030

Vedtatt i kommunestyret



Innhold

1 INNLEIING OG BAKGRUNN	2
1.1 Arbeid med planen	2
1.2 Innhald, avgrensingar	2
2 NOSITUASJONEN OG UTVIKLINGSTREKK	3
2.1 Kommunale trekk	3
2.2 Regionale trekk	5
2.4.1 Sårbare grupper	6
3 MÅL	7
3.1 Mål for oppvekst i Øystre Slidre kommune	7
4 SATSINGSOMRÅDER	8
4.1 Beskyttelsesfaktorar	8
4.2 Satsingsområde	8
4.2.1 Trygt og inkluderande oppvekstmiljø	9
4.2.2 Helse, trivsel og meistring	10
4.2.3 Medverking, engasjement og tilhøyrighet	11
4.2.4 Tidleg innsats	12
4.2.5 Tverrfagleg samarbeid og kompetanse	13
5. VEDLEGG	14
5.1 Samhandlingsstrukturar	14
5.1.1 Strukturell samhandling, generelt nivå for barn og unge	14
5.1.2 Strukturell samhandling på saksnivå for barn/unge med behov for tverrfagleg hjelp	15
5.2 Lovverk, føringar og andre planar	15

1 INNLEIING OG BAKGRUNN

Oppvekstplanen for Øystre Slidre kommune er ein kommunedelplan som skal gje langsiktige mål innanfor oppvekstfeltet. Planen skal danne grunnlag for ein heilskapleg satsing på oppvekstområdet på tvers av fagområder. Den skal styrke trivsel, deltaking, inkludering og moglegheiter for barn og unge i kommunen.

Planen blir følgt opp med ein handlingsdel som blir evaluert og rullert kvart år i samband med dialogmøtet. Handlingsdelen konkretiserer satsingsområda i planperioden med tiltak og ansvarsfordeling. Den er eit arbeidsdokument for tenestene. Tiltak som har økonomiske konsekvensar vert teke stilling til i samband med den årlege revideringa av økonomiplanen i kommunen.

1.1 Arbeid med planen

Kommunestyrekomiteen for opplæring og kultur er styringsgruppe for planprosessen. Det har vore xx møter i komiteen.

Arbeidsgruppa har bestått av:	Ressursgruppa har bestått av:
• Kommuneadministrasjonen: Kjersti Hedalen • Helsestasjon og skulehelseteneste: Mimmi Rudi • Psykisk helseteneste: Stine Bjerke • Grunnskulen: Sissel Dahle Lie og Siv Theodorsen • Barnehagane: Anne Kari Gjerdalen • Kultur og ungdomsarbeid: Øystein Skattebu	• Dei kommunale råda • Foreldreutvala på alle tre skulane • Samarbeidsutvala i barnehagane • Øystre Slidre idrettslag og Rogne idrettslag • Utdanningsforbundet, Delta og Fagforbundet • Tildeling- og bustadkontoret

Det har vore xx møter i arbeidsgruppa i tillegg til mellomarbeid i grupper.

Ressursgruppa fekk tilsendt 1. utkast av planen for innspel i løpet av prosessen. Det kom inn tre innspel til arbeidsgruppa. I tillegg gjennomførte vi eit møte med idrettslaga der vi tok med oss innspel.

1.2 Innhald, avgrensingar

Oppvekstområdet famnar breitt og mykje, og målet er at planen skal vere eit levande og godt arbeidsverktøy på tvers av sektorar. Vi har derfor gjort nokre val for å avgrense.

Planen vise ei meir generell situasjonsbeskriving basert på talgrunnlag frå undersøkingar og kartleggingar, tidelgare gjennomført medverksingsarbeid i perioda 2024-2026, som:

-Rapportane frå arbeid med strakstiltak i 2025 (ungdom, tilsette og føresette)
-Innspel frå stormøtet, 20.10.24

-Lokal kartlegging av aktivitetsmønster (fritidsaktivitetar), vinter 2026
-Undersøking for tilsette i barnehage og skule

-UngData for 5.-7. klasse og 8.-10. klasse
-Oppvekstprofilen 2026

-Folkehelseprofilen 2026
-Elevundersøkinga

Vi ynskjer å bygge vidare på det gode arbeidet som er lagt ned dei siste åra, mellom anna gjennom læringsmiljøprosjektet og arbeidet med å styrke oppvekstmiljøet – eit arbeid som er kome godt i gang.

Måla og satsingsområda i planen skal vere relevante for alle som har ei rolle i barn og unge sin oppvekst – om det er kommunen eller andre offentlege tenester, frivilligheita, heimane eller andre.

Avgrensingar

Oppvekstplanen famnar barn og unge, 0-25 år. Det vil vera ei hovudvekt på 0-15 år og i det ligg fokuset på tidleg innsats for dei yngste. Tiltak i tidleg alder vil også hjelpe dei som seinare kunne ha falle ut av skulen eller arbeidslivet. For dei mellom 18-25 vil planen ivareta tiltak som kan hjelpe unge vaksne som i dag står i fare for å hamne utanfor eller er utanfor sysselsettingstiltak tilbake i utdanning eller arbeid.

Planen gjeld alle barn og unge, men den har gjort ei ekstra prioritering for sårbare grupper. Dette fordi sårbare grupper treng ei ekstra merksemd for å kunne ha like moglegheiter som andre barn og unge.

2 NOSITUASJONEN OG UTVIKLINGSTREKK

2.1 Kommunale trekk:

Barn og unge i Øystre Slidre kommune

Barn og unge i Øystre Slidre kommune utgjer ein mangfaldig og sentral del av lokalsamfunnet, med om lag 800 innbyggjarar i alderen 0–25 år. Dei fleste veks opp under trygge forhold, med stabil økonomi og eigd bustad, men det finst òg familiar i meir sårbare situasjonar. Oppvekstvilkåra varierer og barna bur i ulike familiekonstellasjonar. 4,9% av barn og unge mellom 0-17 år har hjelp frå barnevernet.

Dei fleste barna startar tidleg i barnehage, og nesten alle held fram til vidaregåande opplæring. Kommunen har ein relativt høg gjennomføringsgrad i vidaregåande skule, på om lag 84 prosent. Høgare enn landet med 82%. Samstundes er det viktig å halde merksemda på dei ungdommane som ikkje fullfører, og sikre gode oppfølgingstilbod og alternative utdannings- og arbeidsløp som gir meistring og deltaking.

Undersøkingar viser at fleirtalet av ungdommane trivst godt og er nøgde med livet sitt. Dei opplever i stor grad støtte frå lærarane og kjenner seg inkluderte i skulemiljøet. Likevel finst det elevar som opplever skulekvardagen som utfordrande, med manglande motivasjon, keisemd eller uro før skuledagen. Dette peikar på behov for kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, trivsel og meistring for alle elevar.

Sjølvs om mange ungdommar opplever god helse, viser undersøkingar at aktivitetsnivået er lågare enn landsgjennomsnittet, og 29% av 17 åringane er overvektige mot 21% på landsbasis. Ung Dataundersøkinga viser over fleire år at fleire ungdommar debuterer tidlegare med alkohol i Øystre Slidre enn i dei andre kommunane i Valdres og i landet. Dette understrekar behovet for å fremje gode levevanar, styrke ungdommane i å ta gode val og sikre breie og inkluderande tilbod for fysisk aktivitet.

Ungdom løftar fram behovet for trygge møteplassar med tydelege rammer. Dei etterlyser vaksne som er til stades, bryr seg, set grenser og følgjer opp uakseptabel åtferd. For svake strukturar og uklare forventningar blir opplevd som utryggleik, ikkje fridom. Samstundes peikar ungdom på at mykje fungerer godt, og at det positive som skjer i ungdomsmiljøet ofte blir overskygga over det som er negativt – i alle fall frå dei vaksne si side. 62% seier dei er nøgde med treffstadane dei har i Øystre Slidre, i landet svarar 54% at dei er nøgde. Det er også eit særskild godt utgangspunkt at 92% opplever det trygt i sitt nærmiljø.



Foreldrekompetanse

4

til at vi ikkje treng fleire tilbod, men i neste planperiode må vi lykkast betre med at heimane tek imot tilbodet om rettleiing, også med individuelle tilbod. Det er for få heimar som møter opp på kurstilboda/foreldrekveldane til at vi lykkast med å dele den kompetansa vi har i tenestene på lågterskelnivå.

Satsingar/utgreiingar

I planperioda vil læringmiljøprosjektet ha eit stort fokus i barnehage, skule og i dei samarbeidande tenestene. Samarbeidet med Utdanningsdirektoratet, Statsforvaltaren og læringsmiljøsenderet vil bli avslutta i 2027, men kommunen sitt arbeid vil fortsette.

Tverrsektoriell samhandling

Den førre oppvekstplanen legg rammene for strukturell samhandling mellom teneste i kommunen både på system- og individnivå. Tilbakemeldinga frå tenestene er at det tek tid å få implementert dei nye samhandlingsmodellane, men at vi har kome ein god veg med å bruke dei. Det er etterlyst ei tydelegare ansvarsfordeling og rutinebeskriving for møtestrukturane.

2.2 Regionale trekk:

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) skal støtte barnehagar og skular i arbeidet med å leggje til rette for inkluderande og tilpassa opplæring for alle barn og elevar. I tråd med opplæringslova skal flest mogleg få eit tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, utan behov for individuell tilrettelagt opplæring. I Valdres er dette eit ekstra satsingsområde dei neste åra som vil forplikte PPT og den enkelte barnehage og skule.

Høgt konfliktnivå og vald i nære relasjonar er eit aukande samfunnsproblem. Både politiet og barnevernet i Valdres viser til auka statistikk på barn som opplever eller blir utsette for vald. Dårleg økonomi er ein faktor som kan framkalle vald i nære relasjonar.

Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) Innlandet har sett på dagsorden i sine einingar at dei skal hjelpe dei som har mest omfattande vanskar og størst behov for hjelp. Kommunane skal leggje gode rammer for at barn og unge skal ta i bruk ressursane sine og at det blir gjort ei kartlegging og sett inn tiltak heime og i barnehagen/skulen. Kommunens psykiske helseteneste skal tilby behandling og oppfølging til barn og unge med milde til moderate psykiske plager.

2.4.1 Sårbare grupper

Øyvind Kvello sine risikofaktorar er ein modell som vert nytta for å identifisere forhold som kan auke risiko for ei negativ utvikling hos barn og unge. Modellen omfattar faktorar knytte til barnet, familien og omgjevnadene, og vert brukt for å sikre ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon. Fordelen med å kjenne til risikofaktorar er at vi kan førebygge uønskt utvikling før vi ser symptoma hjå barnet/ungdommen.

Risikofaktorar (Kvello)

Område	Beskriving
 Omsorg	Barnet opplever skadelege omsorgsformer, inkl. omsorgssvikt og neglisjering.
 Krenking og overgrep	Barnet blir utsett for alvorlege krenkingar/overgrep (psykisk, fysisk vald m.m.).
 Emosjonell tilgjengelegheit	Emosjonell utilgjengelegheit eller distanse hjå omsorgspersonane.
 Rus	Rusmiddelmissbruk hos barn/ungdom og/eller omsorgspersonar.
 Psykisk helse	Alvorlege psykiske lidningar hos barn/ungdom og/eller omsorgspersonar.
 Utvikling	Utviklingsvanskar som ikkje blir forstått eller avhjelpete.
 Oppvekstmiljø	Skadeleg psykososialt miljø i barnehage eller skule.
 Levekår	Levekårsutfordringar som bustadmangel eller låg inntekt/fattigdom.

I tillegg informerer barneverntenesta om ein overrepresentasjon i deira saker, både på nasjonalt og på regionalt nivå, av heimar med einslege forsørgerar, familiar under fattigdomsgrensa, vaksne med psykisk uhelse og heimar med hyppig flyttemønster.

Sårbare grupper i Øystre Slidre

- Barn som bur i heimar med ein økonomisk krevjande situasjon.
 - Dei siste åra har det vore ei negativ utvikling uavhengig av etnisitet.
- Barn og unge som opplever eller observerer vald
 - Fleire ungdommar melder inn i Ungdata-undersøkinga at dei har observert eller vore utsett for vald i heimen. Barnevernet melder også eit auka omfang i saker som omhandlar vald.
- Barn og ungdom med funksjonsnedsettingar
 - Deltok ikkje på lik linje med andre barn og unge. Får ikkje det same grunnlaget for å utvikle seg i barnehage, skule og på fritida.
- Framandspråklege som ikkje lærer seg språket godt nok
 - Deltok ikkje på lik linje som andre barn og unge på grunn av språklege utfordringar.
 - Er ekstra sårbare for trakassering og rasisme
- Ungdom som ikkje er tilfredse med livet
 - Ungdata-undersøkinga vise at berre 35% av ungdomsskuleelevene har høg tilfredsheit til livet.
 - Unge vaksne som er på veg ut i utanforskap

3 MÅL

Regjeringa forventar at kommunane tek omsyn til berekraftsmåla, nasjonale klimamål og lokalt folkestyre i si planlegging. Kommunane skal bidra til å utvikle trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn.

Målet og satsingsområda i samfunnsdelen er førande for måla i oppvekstplanen.



3.1 Mål for oppvekst i Øystre Slidre kommune

Barn og unge skal vekse opp i eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø

Barn og unge skal oppleve stoltheit og tilhøyrse til kommunen

Barn og unge skal oppleve å ha verdi og framtidstru

Barn, unge og familiar skal møte tenester som samarbeider for barnet sitt beste

4 SATSINGSOMRÅDER

Satsingsområda skal omfatte heile målgruppa, samstundes som det skal vere eit særleg fokus på førebygging av kjende risikofaktorar og på tilrettelegging for særleg sårbare grupper, slik at vi kan realisere måla i oppvekstplanen.

4.1 Beskyttelsesfaktorar

Kvello sine beskyttelsesfaktorar handlar om forhold som kan redusere risiko og fremje ei god utvikling hos barn og unge. Modellen legg vekt på ressursar hos barnet, i familien og i miljøet rundt, som kan verne barnet mot belastningar og bidra til tryggleik, meistring og positiv utvikling. Satsingsområda skal vera med å bidra til å styrke beskyttelsesfaktorane.

Område	Beskriving
 Utvikling	Aldersadekvat fungering på sentrale utviklingsområde
 Sosialt	Vener og tilhøyrslø i sosialt fellesskap
 Fritid	Hobby eller fritidsinteresse frå 8 år
 Skule/Barnehage	God tilpassing, inkludering og fagleg fungering
 Psykososialt	Optimisme og positivt sjølvbilete frå 10 år
 Omsorg	Trygg og god omsorg frå omsorgspersonar
 Foreldre	God samfunnsintegrering (arbeid, utdanning, nettverk)

4.2 Satsingsområde

Innanfor alle satsingsområda gjeld desse prinsippa:

- *Barn og unge skal bli møtt med respekt, medverknad og likeverd*
- *Alle skal ta sitt ansvar med å oppdage, reagere og sørgje for oppfølging når det er behov for det*
- *Tiltak skal byggje på ressurs- og meistringsperspektiv*
- *Barnets beste og familiefokus skal ligge til grunn for samarbeid og avgjerder*
- *Ulikskap i oppvekstvilkår skal motverkast gjennom målretta tiltak*
- *Samarbeid med foreldre og føresette er avgjerande for god effekt*
- *Vi skal vera særleg merksame i overgangar*
- *Tydeleg ansvar, rolleforståing og informasjonsdeling er avgjerande*
- *Fokus på førebygging*
- *Lærande organisasjonar og kontinuerleg kompetanseutvikling skal prioriterast i tenestene*

4.2.1 Trygt og inkluderende oppvekstmiljø

Eit trygt og inkluderende oppvekstmiljø er ein grunnstein for at barn og unge skal kunne utvikle seg, trivast og delta aktivt i samfunnet. Dette krev eit samspel mellom kommune, frivilligheita, familiar og lokalsamfunnet - og ei felles forståing av ansvar, haldningar og handlingar.

Skape trygge rammer og forutsigbare kvardagar

- Barnehage, skule, SFO og fritidstilbod er prega av tydelege vaksenrollar, struktur og gode relasjonar.
- Nulltoleranse: felles rutinar for å førebygge og handtere mobbing, vald, trakassering, rasisme og utestenging.
- Ha ekstra tiltak inne i overgangar
- Ha tett samarbeid mellom tenester og heimane for å skape tryggleik og kontinuitet rundt barnet.
- Felles tiltak frå læringsmiljøprosjektet som heimane, lag- og organisasjonar og dei kommunale tenestene saman følgjer opp



Fremje inkludering, mangfald og likeverd

- Arbeide aktivt for at alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, funksjonsevne eller identitet opplever å høyre til og har ein meningsfull kvardag.
- Støtte frivillige lag og organisasjonar som har inkluderande praksis og låg terskel for deltaking.
- Motverke utanforskap ved å fange opp barn og unge som står i fare for å falle i utanforskap mellom anna ved å nytte risikofaktorane og kjennskap til dei sårbare gruppene i kommunen
- Bruke støtteordningar før å hindre at familien sin økonomiske situasjon er til hinder for deltaking

Styrke relasjonar og fellesskap

- Leggje til rette for møteplassar der barn, unge, vaksne og eldre kan bygge relasjonar på tvers av alder og bakgrunn. Dele kunnskap på tvers av generasjonar.
- Verdssetje relasjonsbygging som ein sentral del av både pedagogisk og frivillig arbeid.
- Skape arenaer der barn og unge kan oppleve både venskap, støtte og felles opplevingar og referansar.

4.2.2 Helse, trivsel og meistring

Barn og unge skal bli rusta for å kunne *stå støtt i eige liv*. Ved å utvikle sjølvstende, tryggleik i seg sjølv og evne til å møte, ta og stå i utfordringar, skal barn og unge få gode føresetnader for læring, deltaking og livsmeistring. Kommunen skal leggja til rette for tiltak som fremjar psykisk og fysisk helse, styrkjer meistringstru og gjev barn og unge erfaringar med ansvar, medverknad og eigen utvikling gjennom oppveksten. Kommunen har ei viktig rolle i koordineringa av dette samarbeidet, men lukkast best når ein samhandlar tett med frivilligheita, heimane og lokalsamfunnet.

Fysisk aktivitet fremmer helse, gir overskot og er eit viktig og veldokumentert verkemiddel i førebygging av ulike sjukdommar. Psykisk helse handlar om korleis du oppfattar deg sjølv og andre, korleis du har det i kvardagen og korleis du taklar utfordringar. Fysisk og psykisk helse heng tett saman. Barn er skapt for aktivitet, og er sjølvgåande aktive så lenge foreldre legg til rette for det. Aktivitetsnivået blir redusert gjennom barne og ungdomsåra. Både kommunen, lag- og organisasjonar og familien har viktige roller med å legge til rette for at barn og unge får sine daglege anbefalte 60 minutt.

Fremje fysisk aktivitet og sunne levevanar i kvardagen

- Vidareutvikle trygge nærområde med gode leikeplassar, turstigar og møtepunkt
- Samarbeide med frivillige om aktivitetar innan idrett-, friluftsliv, naturaktivitetar, om god helse og kosthald. Spesielt fokus på tilrettlegging for barn og unge med nedsett funksjonsevne.
- Barn og unge har aktive dagar i skule og barnehage.
- Arbeide aktivt for at barn og unge utset debuten med alkohol og rusmiddel



Skape trygge og gode fellesskap

- Støtte frivillige lag og organisasjonar som tilbyr lågterskelaktivitetar innan idrett, kultur og friluftsliv
- arbeide aktivt for at aktivitetar er økonomisk tilgjengelege for alle
- ha møteplassar der barn og unge kan vere seg sjølve, bli sett og oppleve tilhøyrslse.
- Verdsette breidde og mangfald
- Støtte foreldre med kunnskap om sosiale medier og korleis unge skal handtere det.

Styrke meistring og livsferdigheiter

- Samarbeid mellom offentlege og frivillige aktørar og aktivitetar der barn og unge får bruke egne ressursar og utvikle ferdigheiter.
- Skape rom for læring gjennom praktisk, kreativ og fysisk aktivitet.
- Gjennom møte med tenestane skal barn og unge få hjelp til å meistre eige liv, ikkje unnvike livets moglegheiter og utfordringar
- Barn som opplever livskriser og perioder med ekstra tyngande belastningar, skal få rett oppfølging
- Barn som ikkje har norsk som fyrstespråk skal følgast tett opp for å lære språket, men også kome inn i aktivitet
- Familiar innanfor risikofaktorane skal få tett og omfattande oppfølging med særleg vekt på dei fyrste 1000 dagane i barnet sitt liv.

- I opplæringa vil nettvett og deltaking i digitale fora vera eit tema for å bistå barn og unge til å kunne meistre den digitale delen av livet deira.

Bygge kultur for frivilligheit og samskaping

- Anerkjenne frivilligheita som likeverdig samarbeidspart
- Gje frivilligheita forutsigbare rammer og støtte, og legge til rette for dialog

4.2.3 Medverking, engasjement og tilhøyrighet

Å skape eit lokalsamfunn der barn og unge kjenner tilhøyrighet og eit ynskje om å engasjere seg føreset at dei blir teke på alvor, får reell påverknadskraft og opplever at dei høyrer til. Medverknad er ikkje eit enkelt tiltak, men ein kultur og ein praksis som må byggjast i fellesskap.

Sikre reell medverknad

- Gje barn og unge reell medverknad gjennom etablerte arenaer, slik at dei kan påverke avgjerder som berører dei – *t.d. ungdomsråd, elevråd, ungdomsrepresentantar i styre i frivillige lag og organisasjon m.f.*
- Vere tydelege på kva og korleis barn og unge kan påverke, og gje tilbakemelding på korleis innspel blir brukt.
- Utvikle medverkingsformer som er tilpassa alder, modning og ulike uttrykksformer
- Legge til rette for at reell medverknad også gjeld dei sårbare gruppene i kommunen

Skape trygge arenaer for engasjement

- Legge til rette for lågterskelarrangement og møteplassar – utan krav til langvarig deltaking eller prestasjon.
- Gje rom for at barn og unge kan engasjere seg på eigne premissar og fange opp initiativ frå barn og unge.

Bygge tilhøyrle gjennom deltaking og ansvar

- Gjere barn og unge kjende med lokale tradisjonar, særtrekk og historie.
- Involvere barn og unge i utvikling av nærmiljø, kulturtilbod, arrangement og fellesområde.
- Skape oppleving av felles ansvar for lokalsamfunnet – til dømes gjennom frivillig arbeid, prosjekt eller samarbeid på tvers av generasjonar.

Samarbeid mellom kommune, frivilligheit og fagmiljø

- Kommunen og frivillige aktørar må arbeide samordna med felles forståing av rollene.
- Lytte til og byggje vidare på kompetansen som finst i frivilligheita og blant barn og unge
- Gje støtte, rettleiing og føreseieleg rammer slik at gode initiativ kan vare over tid.

Skape ein kultur der det er lov å meine, prøve og feile

- Møte barn og unge med respekt og openheit – også når dei er kritiske.
- Sjå engasjement og medverking som læring, ikkje berre som resultat
- Byggje tillit gjennom dialog, kontinuitet, nærleik og relasjonar.

4.2.4 Tidleg innsats

Tidleg innsats er eit grunnleggjande prinsipp i kommunen sitt arbeid med oppvekst. Det handlar om å oppdage utfordringar tidleg og setje inn riktige tiltak, slik at barn og unge får best mogleg vilkår for utvikling, læring og livsmeistring. Innsatsen krev samarbeid på tvers av tenester, sektorar og fagområde. Systematisk arbeid med tidleg innsats gir stor gevinst for barn, unge og familiar. Vi skal oppdage og følgje opp utfordringar, sårbarheiter og risikoforhold så tidleg som mogleg.

Foreldre og familie som ressurs:

- Når vi observerer ein endring/situasjon som vi er uroa for skal heimane få informasjon og vera samarbeidspartner så raskt som mogleg.
- Alle tilsette som møter foreldre i sårbare situasjonar, skal samtale med dei om korleis barna har det. Den tilsette skal følgje opp med tiltak dersom det er behov for det.

Sårbare grupper:

- Barn vert rekna som pårørande når foreldre eller sysken er ramma av alvorleg sjukdom, rusproblem eller dødsfall, og skal få tilpassa oppfølging.
- Kjennskapen til risikofaktorar og dei sårbare gruppene i kommunen skal hjelpe oss til å jobbe førebyggjande og sette inn tidlegare tiltak for dei barna/unge.

Overgangar og kontinuitet:

- Særleg merksemd skal rettast mot overgangar i barnet og ungdommen sitt liv og mellom tenesteområder:
 - mellom helsestasjon og barnehage
 - frå barnehage til skule
 - frå barneskule til ungdomsskule
 - frå ungdomsskule til vidaregåande skule
 - særskild tverrfagleg ivaretaking av unge med nedsett funksjonsevne etter vidaregåande.
 - ved endringar i familiesituasjon
 - nyttilflytta barn og unge
- Kommunen skal sikre tryggleik og samanheng gjennom god planlegging og informasjonsdeling. Det skal alltid vera klart kven som har ansvaret for oppfølginga. Her er overgangar mellom tenestene mest sårbart, eller frå oppfølging frå fylket og tilbake til kommunale tenester.

Fagleg felles grunnlag:

- Alle tilsette skal kjenne til Kvello sine risiko- og beskyttelsesfaktorar. Kunnskapen skal nyttast på ein fagleg og etisk god måte i møte med barn, unge og familiar.
- Heimane skal få informasjon om desse faktorane gjennom generelle førebyggjande tiltak i helsestasjon og barnehage.
- Systematisk observasjon/kartlegging av språk og sosial utvikling frå barna er små. Observasjonane skal følgast opp med faglege og målretta tiltak.
- Alle elevar skal vera godt fagleg rusta når dei går ut av grunnskulen.

4.2.5 Tverrfagleg samarbeid og kompetanse

Gjennom godt samarbeid på tvers av fag, tenester og nivå skal vi sikre at barn og unge blir sett tidleg, møtt med rett kompetanse og får den hjelpa dei treng – når dei treng det.

Tverrfagleg samhandling handlar om å bygge sterke relasjonar mellom barnehage, skule, helse, barnevern, NAV og andre relevante aktørar, samtidig som vi involverer føresette og barn aktivt i prosessane.

Struktur, systematikk og organisering av samarbeidet

- Roller og ansvar mellom tenester skal vere avklart og godt kjende, og vi nyttar dagens møtestruktur for samhandling med tydeleg ansvarsfordeling og klare rutinar for møta.
- Vi skal samtidig vera fleksible nok i organisasjonen til å kunne hjelpe barn og unge ut i frå den situasjonen dei står i.
- Leiing på alle nivå skal leggje til rette for samarbeid, kompetansedeling og fagleg utvikling. Kommunen skal ha ein kultur prega av tillit, openheit og læring, der samarbeid på tvers blir sett på som ein styrke og ein føresetnad for kvalitet.
- Vi skal ha ein heilskapleg og ressursframmande tilnærming.
- Tilsette i Øystre Slidre kommune skal følgje dei vedtekne nasjonale føresegnene om samarbeid, samordning og barnekoordinator.
- Ambulerande ressursteam skal hjelpe inn i heimane for å raskt kunne bistå for å snu ei uønska utvikling før det eskalerer.

Samarbeid med føresette og barn/unge

- Brukarmedverknad skal vera eit viktig grunnlag i arbeidet.
- Tenestene skal ha ein god dialog med heimane og ta ansvaret for å bygge tillit
- Barn og unge si stemme skal takast inn i alle samhandlingar. Det beste er når barna/dei unge deltek på møter/utarbeiding av tiltak tilpassa alder.

Kompetanse og utvikling

- Tverrfagleg kompetanseutvikling hjelper oss til å arbeide saman
- Vi skal ha ein kultur der vi nyttar kvarandre sin kompetanse for å gi best mogleg hjelp og støtte
- Felles opplæring og refleksjon. Tenestene øver saman for å betre kunne møte behov når dei oppstår.

5. VEDLEGG

5.1 Samhandlingsstruktur

5.1.1 Strukturell samhandling, generelt nivå for barn og unge

Alle møtefora skal ha egne rutiner som ivaretek mål, avklare forventningar til samhandling og ansvarsfordeling.

Namn på møtet	Mål med møtet	Systemnivå/i individnivå	Antal møter	Møtedeltakarar
Oppvekstforum	Sikre at systemet under fungere. Sikre kontinuitet i oppvekstplanen. Samordne resultat av ulike kartleggingar, sikre brukarstemma	Systemnivå	2	Kommunalsjef, styrarar, rektorar, kommunepsykolog, helsestasjon og skulehelseteneste, psykisk helseteneste, miljøtenesta, tildelingskontoret, friskliv, kulturavdelinga, integreringstenesta.
Koordinerende eining	Oversikt over rehab. og hab.behovet i kommunen Overordna ansvar individuell plan Oppnemning av koordinator Ansvar for opplæring	Systemnivå	1 gong i mnd	Leiar tildelingskontoret Leiar tilrettelagte tenester Leiande helsesystem Tjenesteleder helsetunet Barnekoordinator Representant frå oppvekst
Innsatsteam	Lågterskeltilbod som skal sikre tverrfagleg innsats for barn og unge og deira foreldre på eit tidleg tidspunkt	Individnivå og systemnivå	1 gong i mnd	Helsestasjon eller skulehelsetenesten, lege, kommunepsykolog, BUP, barnevern, PPT, aktuell skule eller barnehage, psykisk helse dersom det er relevant i saka.
Barnehagehelsete am	Oppdage og få inn rett tiltak i barnehagen.	Individ- gruppenivå	1 gong i mnd	Styrar, helsesjukepleiar, kommunepsykolog/ psykisk helseteneste
Skulehelseteam	Oppdage og sette inn rett tiltak i skulen.	Individ- gruppenivå	Annak var veke	Rektor, sosiallærar, helsesjukepleiar, psykisk helseteneste
Tidleg inn team	samarbeid mellom tenestene for å identifisere, handtere bekymring og følge opp den gravide, foreldre eller spedbarn/småbarn så tidleg som mogleg.	Individnivå og systemnivå		Helsestasjonen, lege, barnevern, jordmor, psykisk helseteneste

5.1.2 Strukturell samhandling på saksnivå for barn/unge med behov for tverrfagleg hjelp

Namn på	Mål med tiltaket/møte	Ansvarleg for gjennomføring	Deltakarar i møtet
Ansvarsgruppe	Alle instansar som er involvert rundt barnet deltak i møte saman med pårørande for å sikre at tenesta blir ytt til det beste for barnet med fokus på heile livet.	Koordinator	Heim, barn/ungdom tilpassa alder og fungering, koordinator, aktuelle kommunale teneste, eksterne aktuelle teneste
Samarbeidsmøte	Legge best mogeleg til rette for utvikling/opplæring.	Den som har det daglege ansvaret for barnet/elev i barnehagen/skulen	Møte med heim, barnehage/skule og PPT (miljøtenesta, BUP, HAB)
Instansmøte	Kunne gje tilbod frå rett teneste med rett kompetanse til rett tid. Samordne tenestetilbodet effektivt og til det beste for barnet/ungdommen og heimane.	Leiar eller koordinator	Barnekoordinator/styrar/ rektor, tildelingskontoret og andre aktuelle kommunale tenester
Ambulerande ressursteam	Arbeide direkte mot brukar for å forhindre/reversere negativ utvikling i ei kort periode	Leiar tildelingskontoret	Ei gruppe med rett fagkompetanse ut i frå utfordringsbilete

5.2 Lovverk, føringar og andre planar

Lowverk

- FNs konvensjon om barns rettigheter (Barnekonvensjonen)
- Lov om barnehage m/forskrift
- Opplæringslova m/forskrift
- Helse- og omsorgstenestelova
- Folkehelselova
- Barnevernslova
- Plan og bygningslova
- Kulturlova
- Integreringslova

Nasjonale og regionale føringar

- Rammeplan for kulturskulen
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
- Kulturstrategi for Innlandet fylkeskommune

- Nasjonal rettleiar: Samarbeid om tenester til barn, ungdom og deira familiar, Helsedirektoratet
- Nasjonal rettleiar: Psykisk helsearbeid barn og unge, Helsedirektoratet
- St. Meld. St. 6 (Tidleg innsats og inkluderande fellesskap)
- St. Meld. St. 21 (Fullføringsreforma)
- St. Meld. St. 28 (Gode oppvekstvilkår)
- Opptrappingsplan psykisk helse (2023-2033)
- Nasjonale faglig retningslinje Helsestasjon, skolehelsetjenesten og helsestasjon for ungdom

Lokale planar:

- **som gir føringar til oppvekstplanen:**
 - Kommuneplanen sin samfunnsdel
- **som bør samanfalle med oppvekstplanen:**
 - kommunedelplan for helse- og omsorgsplanen
 - kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Oppvekstplanen har fleire temaplanar under seg. Temaplanar er fagplanar for dei aktuelle tenestekområda. Desse må reviderast opp mot til ein kvar tid gjeldande oppvekstplan.

Oversikt over nokon av temaplanane:

- Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø
- **Plan for overgang barnehage – barneskule**
- **Plan for overgang barneskule til ungdomsskule**
- Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar
- Plan for begynneropplæring
- Leseplan
- Rettleiar for mottak og særskild språkopplæring for barn og unge
- Førebygging og oppfølging av alvorleg skulefråvær

Nasjonale trekk:

Regjeringa varslar endringar i innhald og organisering av skulekvardagen. I løpet av planperioda vil det kunne påverke organisering av grunnskulen. Det er også eit endå sterkare fokus på tidleg innsats. Staten vil dreie ressursar mot førebygging i barnehage og tidleg skulealder. Mindre bruk av spesialundervisning seint i løpet → meir støtte tidleg.